

Arbeidsinstruks for styret i Vigra Indremisjon

Styret er vald av årsmøtet og rapporterer til dei i form av ei årsmelding på kvart ordinære årsmøte. Styret er pålagt å føre ein tett dialog med hyrderådet og samarbeide tett med dei om drift og planlegging av aktivitetane i Vigra Indremisjon. Hyrderådet har det overordna ansvaret for teologiske og læremessige spørsmål i organisasjonen, og skal arbeide for å fremje ei sunn og god åndeleg utvikling i forsamlinga. Styret skal rette seg etter hyrderådet i desse spørsmåla. Hyrderådet skal på si side vere underlagt tilsyn av ?? og styret har rett og plikt til å melde inn saker til tilsynet om styret finn det nødvendig.

Styret er førebilete i liv og lære, og det kvilar difor eit ekstra ansvar på medlemmane i styret at ein sjølv lever i lyset med livet sitt, og at ein lever i Guds nærliek med ei lyttande innstilling.

Styret har desse oppgåvene med tanke på drift og organisering av foreininga:

- Vere gode førebilete i liv og lære.
- Ha eit tenande sinn.
- Ha det overordna ansvaret for at lovane i foreininga vert følgde.
- Ha ansvaret for å leie Vigra Indremisjon si verksemd – i nær relasjon med hyrderådet. I dette ligg også oppretting og drift av ulike tenestegrupper.
- Ha det overordna ansvaret for å forvalte foreininga sin økonomi.
- Ha det overordna juridiske ansvaret.
- Ha det eine og totale juridiske arbeidsgjavaransvaret – dersom nokon er tilsett i foreininga.
- Ha det overordna ansvaret for utleige av Vigra bedehus.
- Ha det overordna ansvaret for drift og vedlikehald av Vigra bedehus.
- Ha det overordna praktiske ansvaret for Vigra Indremisjon sine arrangement.

Vigra Indremisjon skal ha følgjande fokusområde i sitt arbeid:

1. Utrustande leiarskap – fokus på å utruste nye leiarar. Oppmode til opplæring og utdanning.
2. Nådegåvebasert teneste – rett person på rett plass, i alle ledd.
3. Engasjert trusliv – fokus på disippelgjering.
4. Funksjonelle strukturar – relevante og tidsrette.
5. Inspirerande gudstenester – relevante og engasjerande fellesskap.
6. Livsnære grupper – ein arena for åndeleg og sosial utvikling.
7. Evangelisering – hjelpe menneske til å bli kjent med Jesus.
8. Diakoni – elske vår neste som oss sjølve.
9. Varme relasjoner og omsorg – innan forsamlinga, og ut mot andre menneske.